



Fyresdal kommune, sektor for kultur og oppvekst

Rutinar ved transport av barn/elevlar til og frå arrangement i barnehagens/skulens regi i private bilar i barnehagens/skulens opningstid.

Generelt:

- Verken tilsette eller føresette kan påleggast slik køyring uavhengig av økonomisk kompensasjon.
- Barn/elevlar og tilsette er forsikra gjennom kommunens forsikringsordningar. Andre personars eventuelle skader/skader på materiell må dekkast gjennom den einkilde sine forsikringar.

Godkjenning av sjåfør og bil:

Barnehagen/skulen godkjenner aktuelle sjåførar ut frå at:

- Sjåførane må stå inne for at dei er skikka til å kunne køyre det aktuelle køyretøyet.
- Sjåføren må fylgje vegtrafikkloven sine reglar.
- Bilen må vere i forsvarleg og reglementert stand.
- Køyretøyet må ha aktuelle forsikringar i orden.
- Barnet/eleven må bruke bilbeltet.
- Bruk handsfree eller stopp om telefonen ringer.

Før køyring:

- Føresette må ha godkjent at barnet kan køyrast i privatbil. Dette kan gjerast ved at dei føresette skriv under på eit samtykkje som kan gjelde for kortare eller lengre tid.
- Det er rimeleg at føresette vert informert om slik køyring i forkant av aktuelle transportar.
- *"I dei tilfella kor føresette ikkje ynskjer at deira barn skal transporterast i privat bil, må barnehagen sørgje for eit tilbod om offentleg transport."* (Utdanningsdirektoratet av 09.10.2007)

Tilsette blir kjend med denne i starten av kvart barnehageår (august/september).

Fyresdal kommune, november 2017